



Årsregnskap for regnskapsåret 2007

Organisasjonsnr: 971 529 474
Navn/foretaksnavn: SOGN OG FJORDANE TURLAG
Forretningsadresse: Langebruvegen 9
6800 FØRDE

Brønnøysundregistrene

09.09.2020

Brønnøysundregistrene

Postadresse: 8910 Brønnøysund

Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Telefaks 75 00 75 05

E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no

Organisasjonsnummer: 974 760 673



Brønnøysundregistrene

Regnskapsregisteret

BRØNNØYSUND




Organisasjonsnr.

971 529 474

FLI

SOGN OG FJORDANE TURLAG
Postboks 10
6801 FØRDE

Retur til:
Brønnøysundregistrene
Regnskapsregisteret
8910 BRØNNØYSUND



VEDLEGG TIL ÅRSREGNSKAP 2007

Registrerte opplysninger per 10.03.2008	Eventuelle endringer dette regnskapsåret
Startdato 01.01.2007	Endret startdato (dd.mm.åååå)
Avslutningsdato 31.12.2007	Endret avslutningsdato (dd.mm.åååå)
Morselskap i konsern NEI	Endret konsernforhold <input type="checkbox"/> Morselsk <input type="checkbox"/> Ikke morselsk
Hvis enheten ikke følger norsk regnskapslov, kryss av <input type="checkbox"/> IFRS selskap <input type="checkbox"/> IFRS konsern	
Hvis enheten velger å avvike fra regnskapsloven § 6-1, kryss av <input type="checkbox"/> Funksjon selskap <input type="checkbox"/> Funksjon konsern	

Må fylles ut:

Følges regnskapsreglene for små foretak?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Jeg bekrefter at vedlagte årsregnskap er festsatt av kompetent organ den	Dato	
Sted/dato, Underskrift av representant for selskapet		

vedlagte

Bare til bruk for Regnskapsregisteret

TAN

G NYVE Admr Kregn Ja Nei Utl kregn

M Rets Ant.s

<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
ov.b	årsb	res	bal	e.bal	gj.bal	rev	i-rev	k-res	k-bal	k-n	k-rev	i-k-rev	n	
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
alm.n	kto	d.k									funk	u.off	brev	



BR-1001-06



03/10/2008 09:25 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:26 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 2

Resultatregnskap			
Sogn og Fjordane Turlag			
Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2007	2006
Salgsinntekter		689 982	546 971
Sum driftsinntekter		<u>689 982</u>	<u>546 971</u>
Varekostnader		262 516	244 028
Lønnskostnader m.m.	6	261 055	249 324
Annen driftskostnad		157 320	144 719
Sum driftskostnader		<u>680 891</u>	<u>638 071</u>
Driftsresultat		<u>9 091</u>	<u>-91 101</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		5 802	3 978
Annen rentekostnad		0	1 267
Resultat av finansposter		<u>5 802</u>	<u>2 712</u>
Resultat før skattekostnad		<u>14 893</u>	<u>-88 389</u>
Årsresultat		<u>14 893</u>	<u>-88 389</u>
Overføringer og disponeringer:			
Avsatt til annen egenkapital		14 893	0
Overført fra annen egenkapital		0	88 389
Sum overført og disponert		<u>14 893</u>	<u>-88 389</u>

03/10/2008 09:25
10. Mar. 2008 9:26+47 57827601
Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 3

Balanse**Sogn og Fjordane Turlag**

Eiendeler	Note	2007	2006
Omløpsmidler			
Lager av varer og annen beholdning	1	40 419	28 789
Fordringer			
Kundefordringer	2	2 200	3 284
Sum fordringer		<u>2 200</u>	<u>3 284</u>
Bankinnskudd, kontanter o.l.	3	241 385	267 290
Sum omløpsmidler		<u>284 003</u>	<u>299 363</u>
Sum eiendeler		<u>284 003</u>	<u>299 363</u>

03/10/2008 09:25 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:26 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 4


Balanse


Sogn og Fjordane Turlag


Egenkapital og gjeld	Note	2007	2006
Opptjent egenkapital			
Armen egenkapital		170 859	155 963
Sum opptjent egenkapital		<u>170 859</u>	<u>155 963</u>
Sum egenkapital	4	<u>170 859</u>	<u>155 963</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Skattetrekk og andre trekk		13 180	12 787
Armen kortsiktig gjeld	5	99 964	130 612
Sum kortsiktig gjeld		<u>113 144</u>	<u>143 399</u>
Sum gjeld		<u>113 144</u>	<u>143 399</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>284 003</u>	<u>299 363</u>


Førde, den 24. 01. 08.


Kjell O. Hjellbrekke
Nestleder


Sissel Strømmen
Styremedlem


Linda Hantveit
Styremedlem


Marino J Ask
Styreleder


Gunnar Skjølberg
Styremedlem



03/10/2008 09:25 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:26 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 5

SOGN OG FJORDANE TURLAG

Notar til røkneskapen for 2007

Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapen er alle postar verdsett og periodisert i samsvar med rekneskapslova og reglane som følgjer av god rekneskapskikk for små føretak.

Klassifisering

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, samt fordringar med forfall meir enn eitt år etter balansedagen er medtekne som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omlaupsmidlar. Gjeld som forfell seinare enn eit år etter rekneskapsperioden sin ende er oppført som langsiktig gjeld.

Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet som normalt vil vere leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader blir medtekne etter samanstillingsprinsippet, dvs at kostnader blir medtekne i same periode som dei tilhøyrande inntekter vert inntektsført.

Varebeholdning

Varebeholdningen er vurdert til den laveste av kostpris og virkelig verdi.

Fordringer

Fordringer er oppført i balansen med fordringens pålydende etter fradrag for konstaterte og forventede tap.



03/10/2008 09:25 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:26 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 6

SOGN OG FJORDANE TURLAG

Notar til rekneskaper for 2007

Note 1: Varer

	<u>2007</u>	<u>2006</u>
Varebeholdning	40 419	28 789
Sum	<u>40 419</u>	<u>28 789</u>

Note 2: Kundefordringer

Vurdering av kundefordringer

	<u>2007</u>	<u>2006</u>
Vurdert til pålydende	2 200	3 284
Avsatt til dekning av usikre fordringer	0	0
Bokført verdi pr. 31.12.	<u>2 200</u>	<u>3 284</u>

Note 3: Bundne midler

I posten inngår bundne bankinnskudd med kr 6.900,-.

Note 4: Egenkapital

	Annen egenkapital	Sum
Egenkapital 1.1.	155 963	155 963
Årets resultat	14 893	14 893
Egenkapital 31.12.	<u>170 859</u>	<u>170 856</u>

Note 5: Annen kortsiktig gjeld

	<u>2007</u>	<u>2006</u>
Annen kortsiktig gjeld består av:		
Forskuddsbetalt medlemsavgift og tilskudd turprogram	76 000	84 000
Avsett feriepenger	23 964	22 852
Påløpt kostnad og forskuddsinnbet inntekt	0	23 780
Annen kortsiktig gjeld 31.12.	<u>99 964</u>	<u>130 612</u>



03/10/2008 09:25 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:26 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 7

SOGN OG FJORDANE TURLAG

Notar til rekneskapen for 2007

Note 8: Lønnskostnader, antall ansatte, godtgjørelser, løn til ansatte m.m.

	<u>2007</u>	<u>2006</u>
Lønnskostnader		
Lønninger	231 341	220 785
Folketrygdavgift	15 407	23 401
Pensjonskostnader	11 275	0
Andre ytelser	3 032	5 138
Sum	<u>261 055</u>	<u>249 324</u>

Gjennomsnittlig antall ansatte: 1 1

Ytelser til ledende personer

Det er ikke gitt ytelser til ledende personer eller medlemmer av styret.

Revisor

Det er kostnadsført revisjonshonorar til selskapets revisor med kr 7.500,-.

Obligatorisk tjenestepensjon

Organisasjonen er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Organisasjonens pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne lov.



03/10/2008 09:24 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:26 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 1



Brønnøysundregistrene

Regnskapsregisteret



Organisasjonsnr.

971 529 474

FLI

SOGN OG FJORDANE TURLAG
Postboks 10
6801 FØRDE

Retur til:
Brønnøysundregistrene
Regnskapsregisteret
8910 BRØNNØYSUND

VEDLEGG TIL ÅRSREGNSKAP 2007

Registrerte opplysninger per 10.03.2008	Eventuelle endringer dette regnskapsåret
Startdato 01.01.2007	Endret startdato (dd.mm.åååå)
Avslutningsdato 31.12.2007	Endret avslutningsdato (dd.mm.åååå)
Morselskap i konsern NEI	Endret konsernforhold <input type="checkbox"/> Morselsk <input type="checkbox"/> Ikke morselsk

Hvis enheten ikke følger norsk regnskapslov, Kryss av	<input type="checkbox"/> IFRS selskap	<input type="checkbox"/> IFRS konsern
Hvis enheten velger å avvike fra regnskapsloven § 6-1, kryss av	<input type="checkbox"/> Funksjon selskap	<input type="checkbox"/> Funksjon konsern

Må fylles ut:

Følges regnskapsreglene for små foretak?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Jeg bekrefter at vedlagte årsregnskap er fastsatt av kompetent organ den	Dato 24/11-08	
Sted/dato, Underskrift av representant for selskapet		
Førde 10/3-08 Kathrine Bergset		

Bare til bruk for Regnskapsregisteret

G	<input type="checkbox"/>	NYVE	<input type="checkbox"/>	Admr	<input type="checkbox"/>	.Kregn	Ja	<input type="checkbox"/>	Nei	<input type="checkbox"/>	Utt kregn	<input type="checkbox"/>			
M	<input type="checkbox"/>	Rets	<input type="checkbox"/>									Ant.s	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	ov.b	årsb	res	bal	e.bal	gj.bal	rev	i-rov	k-res	k-bal	k-n	k-rev	i-k-rov	n	
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	alm.n	kto	d.k									funk	u.off	brev	



BR-1001-06






03/10/2008 09:25 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:26 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 8

ÅRSMELDING 2007 SOGN OG FJORDANE TURLAG



Vettisfossen med sitt frie fall på 275 meter.



18.-19. august gjekk elt turfølgje frå Sognefjellet til Skogadalsbøen. Petter Løvdahl og Jørgen Bruheim var turleiarar. Dag to gjekk ferda vidare til Vettisfossen og Hjelle.



03/10/2008 09:25
10. Mar. 2008 9:26

+47 57827601
Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 9

TILLITSVALDE I SOGN OG FJORDANE TURLAG 2007

Leiar	Marino J. Ask	ST	Klippavegen 22	6856 Sogndal
Nestleiar:	Kjell O. Hjellbrekke	IST	Hjellbrekke	6847 Vassenden
Skriver:	Sissel Strømmen	FT	Båtevika 45	6900 Florø
Styremedlem:	Gunnar Skjølberg	KT	Ryland	6727 Bremanger
Styremedlem:	Linda M. Hantveit	BT-Gulen		5661 Brekke
Varamedlem 1:	Britt Småvik	YNT	Gt. 6 nr. 87	6700 Måløy
Varamedlem 2:	Olga Aarsnes	KT	Kjelkenes	6723 Svelgen
Varamedlem 3:	Hjørdis Åsnes	IST		6968 Flekke

Kurs- og Fjellsportutvalet:

Leiar:	Irene Befring	IST	Stardalen	6843 Skei i Jølster
Medlem:-	Jorunn Vågen	IST	Furelia 3 b	6800 Førde
Medlem:	Marino J. Ask	ST	Klippavegen 22	6856 Sogndal
Vara:	Svein Årdalsbakke	IST	Vikagarden	6843 Skei i Jølster

Naturvernutval:

Leiar :	Alvar Melvær	FT	Kvieneset	6800 Førde
Medlem:	Hilde Gjörvad	IST	Årdal	6843 Skei i Jølster
Medlem:	Petter Løvdahl	ÅT	Almennhagen 14	6884 Øvre Årdal

Valnemnd:

Leiar:	Jørgen Bruheim	LæT	Hillegård 19	6887 Lærdal
Medlem:	Gunnar Bjørlykke	MNT	Leirebrekka 56	6823 Sandane
Varamedlem:	Sigrd Gjelsvik	IST	Reiakvam	6817 Naustdal

Revisor: Inter Revisjon Fjordane AS

Tilsett: Astrid Kalstveit Liavegen 39B 6800 Førde



03/10/2008 09:25 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:27 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 10

Aktiviteter i Sogn og Fjordane Turlag

Sogn og Fjordane Turlag og alle dei 14 lokallaga (3 BT-lag) er i medvind og vekst. Vi har samla hatt 94 tal medlemmer i auke og totalt **4.042** medlemmer pr 31.12.07. Vi har som mål å verte endå fleire medlemmer, og stadig nye lag blir oppretta rundt om i kommunane. Fem nye lokallag, Barna sitt Turlag i Gloppen, Jøister, Gaular, Askvoll og Sogndal har blitt starta opp i 2007 og dei har vore med å auke tal innmelde born i tillegg til alle dei andre 11 driftige barnelaga våre. Vi helsing alle desse laga velkomen med i turlaget, laget som skal fremje eit enkelt, allsidig og naturvenleg friluftsliv for personar i alle aldrar.

Svært mange har i 2007 funne vegen ut på tur i regi av turlaga trass noko dårleg turvêr, og vi har samla gjennomført **396** turar, av desse **115** BT-turar. Tal turdeltakarar born har auka monaleg med **2.778** deltakarar i 2007 mot 1592 året før. Talet er endå høgre, då ikkje alle lokallaga registrerer born særskilt. Samla tal turgåarar var totalt **8.511** og deltakarar på dei populære onsdagsturane er også talde med. I tillegg er turlaga aarrangør og medarrangør på dei svært populære topp-trimpostane i lokallaga Keipen, Ytre Nordfjord, Luster og Årdal og turboka på Brandsøyåsen i Flora.

Hyttene har hatt gode tal dagsbesøk og Skongenes, Fuglesteg har hatt monaleg auke. Tal overnatting på hyttene har god auke på Longevasshytta, Fivla, Børabu, Fuglesteg og Skongenes, og hyttene våre er populære turmål for liten og stor.

Alle dei 5 fellesturane i regi av Sogn og Fjordane Turlag vart gjennomførde og hadde til saman 269 deltakarar. To av desse var utanlandsturar til Peru med til saman 54 deltakarar.

Kurs- og Fjellsport, SFT har hatt eit fantastisk variert kurstilbod og gjennomført snøskredkurs (6 delt.), telemarkkjøring (20 delt.), ambassadør (51 delt.) nærmiljøturleiarkurs (21 delt.). Kajakksamlinga i Bulandet i samarbeid med Njord AS hadde 10 deltakarar. Kajakksamlingane er kome for å bli og er populære samlingar på kysten. Oppfriskingskurs bre var nytt i år, og 5 tok del på kurset i Jostedalen og Per Magne Bakke var instruktør. Turleiarkurs Sommar er utsett til neste år. Samarbeidspartnaren vår Breoppleving DA hadde 102 deltakarar på sine kurs.

Kurs- og Fjellsport kan sjå tilbake på eit særst aktivt år i nyrekruttering unge og nye turleiarar. Lista over dei lokale turleiarane har vorte monaleg fyldigare og nye lokallag har kome med. Stor auke i nærmiljøturleiarar og Gunnar Bjørlykka, Irene Befring, Niels Pontoppidan og Marte Kviberg har vore kursleiarar. Torunn Vestbø frå Stavanger Turistforening har vore ei god støtte og kurshaldar på Ambassadørkursa.

Naturvernutvalet har hatt sitt truleg travlaste år nokosinne, med ei rekkje store saker, særleg innanfor kraftutbygging og kraftliner. Saksmengda har vore så stor at vi ikkje har hatt tid til å handsame alle sakene. Den aller største, mest arbeidskrevjande og mest kontroversielle saka i 2007 har vore konsesjonssøknaden om 420 kV-lina Ørskog – Fardal, "monsterlina" som den vert kalla. Også 3 stk. 132 kV-liner har vore så kontroversielle at dei har vekt ganske stort folkeleg engasjement. Særleg gjeld det 2 av linene.

Totalt har Naturvernutvalet skrive 43 høyringsfråsegner. Av desse gjeld 26 vasskraft, 1 vindkraft, 5 kraftliner, 1 vern, 5 kommunale planar, 3 motorferdsle og 2 andre saker. 4 av lokallaga har skrive eigne høyringsfråsegner i nokre av sakene. Utvalet har delteke på 6 synfaringar, 10 folkemøte, 6 andre møte og 9 kurs/konferansar. Sjå eiga vedlagt årsmelding og oppsett over representasjon i Naturutvalet lenger bak i årsmeldinga.

03/10/2008 09:25 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:27 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 11

Nytt lag i Barnas Turlag (BT) avd. Kyrkjebø



25. mars hadde Barnas Turlag avd. Kyrkjebø sin fyrste tur og oppstart nytt lag. Linda Hantveit var tilstades og representerte SFT. Ho informerte nytt lag om DNT som organisasjon og Sogn og Fjordane Turlag (SFT) si organisering og gav nyttige tips til drifta.

Nytt BT-lag i Gaular (bilde til høgre)

3. juni hadde Barnas Turlag i Gaular oppstart og sin fyrste tur. Linda Hantveit var tilstades her også, som fylkeslaget sin BT- representant. Ilag med ordførar i Gaular Jenny Følling (stående) hadde ho med gode ynskjer for aktivitetane til leiar Heidi Vallestad (t.v i bilete).

Nytt BT-lag i Gloppen



26. august starta nytt BT-lag i Gloppen opp. Linda delte erfaringar frå Gulen BT-lag og gav informasjon om organisasjonen DNT/ SFT til store og små.

BT-leiar samling i Førde 18. oktober



For fyrste gong hadde SFT felles leiarsamling BT-leiarar. Sissel Strømen (FT), Solfrid Høyvik Hilde (IST), Elisabeth Offerdal (Fjaler), Ira Røyseth og Randi Flølo (Jølster), Tore Sønnesyn (LuT) og Linda Hantveit (Gulen/SFT) møtte. Astrid Kalstveit serverte kake og vi feira tildelte midlar BaseCamp, "Årets gave".



03/10/2008 09:26 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:27 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 12

Kontoret

SFT har i år hatt informasjonssekretær Astrid Kalstveit i 75 % stilling og ope fire dagar i veka frå tysdag-fredag. Kontoret ligg sentralt og mange finn vegen inn for å kjøpe varer, melde seg på turar og kurs og spørje om ruter; hytter og arrangerte turar. Samarbeidet med lokallaget Indre Sunnfjord Turlag fungerer svært godt, og kontoret vert nytta til mindre møter av dei.

Kontoret sel kart, bøker m.m. og har materiell til Barnas Turlag. Mange vender seg til kontoret og melder seg direkte inn som medlem og kontoret hadde rundt 60 nyinnmeldingar i 2007. Sommarvikar Helene H. Bergvatn var på kontoret i heile juli månad.

Astrid har vidare delteke og førebudd årsmøte, styremøta, fellesmøte og klargjort alle sakspapir til utsending i samråd med styret og leiar Mario J. Ask. Vidare har den tilsette vore på to Dagleg leiar samlingar i Oslo, der representantar frå heile landet tok del. Turprogrammet 2008 er utforma av informasjonssekretæren. Ho har også hovudansvaret, i lag med redaksjonsgruppa, for nytt Turmagasin, som skal trykkjast i mai månad. Aktiviteten aukar ved kontoret og har hatt samarbeid med andre organisasjonar og Temareiser Fredrikstad. I tillegg har den tilsette delteke på samling Vardar for folkehelse. Hadde stor stand på samlinga med informasjon om laget vårt. Også stand på Reiselivkonferanse i Førde i januar.

Nettsida, www.turistforeningen.no/sognogfjordane/

Astrid har hatt ansvar for SFT si nettsider med layout, bilde og tekst og det er stor auke i mengd saker lagt ut i 2007. Rundt 1000 vitjar sida i månaden. Lenkje direkte til alle lokallaga ligg på venstre side på hovudsida vår. Målet er å få eigne sider oppe å gå og Flora Turlag og Midtre Nordfjord har auka aktiviteten. Barnas Turlag i Gulen har nå eiga side og legg sjølv ut bilde og stoff. Nettsida vår er "festleg" med mange og store bilete i tillegg til tekst nyhende og aktivitetar.

Møteverksemd

Årsmøte vart avvikla på Skei hotell laurdag 27.01.07 og det møtte 21 deltakarar. Marino J. Ask vart vald til ny leiar i SFT. Det har blitt halde 5 styremøte. Møta har vore i møtelokale, Postbygget i Førde, men i april var styret og utvala samla på Skongenes Fyr med sosialt samvær og styremøte ute i det fri.



Marino J. Ask vald til ny leiar og her saman med leiar i valnemda Stein B. Næss på Skei 2007.



Andre styresamling 27.- 29, april på Skongenes Fyr.



03/10/2008 09:26 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:27 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 13

Fellesmøtet vart halde i den veglause grenda Finden 10.-11. november og 30 deltakarar møtte. Samlinga starta med båttur med Lars Finden og ferd på fjorden til m.a. Sylvarnes. Styreleiar i DNT, Tom Ivar Bern var med oss heile helga og hadde innlegg. Tom-Ivar Bern sette fokus på vegvala og gav status i "Veivalgsgruppa" sitt arbeid. 2009-2013 er neste vegvalsperiode for DNT, som er ein organisasjon i stor medgang.

7 år på rad har organisasjonen hatt medlemsrekord og i nokre kommunar er 10% av innbyggjarane medlem i DNT og Gulen kommune er ein av dei. Arbeidsgruppa har eit mål, at i framtida skal 10 % av innbyggjartalet i norske kommunar vere DNT medlemmer.

Bern peika på dei nye verdiane gruppa har arbeidd med og dei skal vere retningsgivande i alt vi føretek oss og alle avgjerder vi gjer. Stikkord er berekraftig og organisasjonen skal ha ein kritisk gjennomgang av det vi gjer i dag m.a. transporten til og frå hyttene og tenkje alternativ til motoriserte kjørety.

Dei nye hovudmåla til organisasjonen er å verte berekraftig i all gjerning, meir synlege og meir attraktive for alle aldersgrupper og engasjere dei unge i større grad, var avsluttande ord frå Tom-Ivar Bern.



Alle utsendingane samla i Finden og Tom-Ivar Bern, DNT er med oss. Foto Atle Holsen

Fellesturar

Den tilsette har det administrative ansvaret med gjennomføring av fellesturar i regi av fylkeslaget. Fellesturane har vore særers vellukka i år med 121 deltakarar på **Lunde-Fjærland** i juli. Kjell O. Hjellbrekke i samarbeid med Anders J. Bøyum og Jostein Øygard hadde ansvar for gjennomføring tur og gjorde ein framifrå jobb med eit stort og krevjande turfølgje over bre og gjennom stein og kratt i særers godt turvær.

03/10/2008 09:26 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:27 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 14

Spanande tur til Skogadalsbøen (sjå biléte framside)

Trass ikkje heilt oppløftande vèrmeldingar laurdag den 18. august, la 34 turdeltakarar (60 påmelde) og turleiarane Petter Løvdahl og Jørgen Bruheim ut på todagars tur mot Skogadalsbøen. Turen starta frå Sognefjellshytta via Fantesteinsvatnet og Prestesteinsvatnet i småkupert terreng og vidare mot krysset til Fannaråki - Krossbu. Ved Rundhaugstjerne passerte vi grensa for nasjonalparken. Regnet hadde gitt seg heilt, og vi kunne ta av regnkleda og nyte utsikt og god temperatur.

Vi gjekk på stien nedover Vetle Utladalen og fekk Steindalsnosi i vest for oss. Vi følgde stien nedover etter elva og kom etter kvart til Guridålen og passerer bru over Kongsdøla og kom så ned til stølshusa og steinbuene. Her var det frodig vegetasjon og sauer beita ivrig her. Vidare gjekk ferda ned til Storebrui og vi kryssa elva Utle og følgde stien mot Skogadalsbøen i fin fjellbjørkeskog. Sola byrja å kome fram på himmelen, og det var ein optimistisk gjeng som nådde hytta. Varm dusj, kald drikke og god middag smaka forrefeleg i nyoppussa storstove på Bøen.

Søndag morgon gjekk vi vegen mot Urdadalen og Vetti. Vi passerte så ei bru over Urdadøla og gjekk i jamn stigning opp mot Friken. Frå stien var det storslagen utsikt mot Hurrungane og vi kunne sjå oss tilbake mot der vi gjekk første dagen. Petter Løvdahl peika og fortalde og hadde mang ei historie på lager.

Vettifossen er Nord Europast høgste med fritt fall på 275 meter og var vassrik og vakker å ta i augesyn. Frå der og ned til Vetti Gard Turiststasjon tok det om lag ein time, på ganske bratt sti. På Vetti Gard Turiststasjon fekk me kjøpt is og kaffi. Ved enden av Folkevegen kom vi til Utladalen Naturhus, som er avdeling under Norsk Fjellmuseum - Jötunheimen Nasjonalparksenter. Her viste Petter oss filmen "Frå Fjorden til Storen" som ei fin avslutning og glade og trøytt kunne laget sei farvel til vakre Utladalen.

Det grøne gullet!

Nordmenn vel bort utalandsreiser. Det viser ei gransking Gallup har utført for Den Norske Turistforening. Generalsekretær i DNT, Kristin Krohn-Devold, meiner dette viser at det må satsast på lokalt reiseliv. Ho var 25.-26. juni i Nærøyfjorden i lag med fylkesleiar Marino J. Ask, for å sjå kva som er mogeleg å få til av lokalt reiseliv i samarbeid med DNT. DNT har allereie sendt oppmoding til regjeringa om å satse på grønt reiseliv.

Kristin fekk høve å vitje høgdegarden Stigen og overnartta der oppe i huset hjå verten Dee. Også kajakkpadling fekk ho prøve under kyndig rettleiing av Marino og øving i m.a. kameratredning.



Kristin ilag med verten Dee på Stigen



Marino lærer Kristin kameratredning.

03/10/2008 09:26 +47 57827601
 10. Mar. 2008 9:28 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 15

Synfaring i Solund

Solund kommune inviterte i strålende haustvær Sogn og Fjordane Turlag og Bergen Turlag på synfaring til m.a. Utvær. Kommunen ville knyte kontaktar med turlaga og syne oss aktuelle turområder og stader i Solund.



Roar Moe, Einar Grieg, Rolf Bjørn Sund, Marino og Børge Brundtland er på Utvær og diskuterer mogleg samarbeid om drift turlagshytte på fyret og Råkeneset (t. h.)

Tur til Peru

Sogn og Fjordane Turlag har hatt eit godt og suksessrikt samarbeid med Temareiser Fredrikstad AS. Omtale tur til Peru finn du på nettsida vår og sett i penn av Vidar Samuelsen. 30 tok del på fyrste turen i oktober og 24 deltakarar på andre turen i november og Ivar Udnæs frå Temareiser var turleiar.



Fyrste turpulje ved Machu Picchu. Foto: Vidar Samuelsen

Lokallaga

Det har vore god drift i alle dei 11 lokallaga og i dei 3 Barna sitt Turlag i Gulen, Kyrkjebø og Solund, som er tilslutta fylkeslaget. Eit stort arbeid er lagt ned i gjennomføring av planlagde turar og dugnad på opprusting av stiar og vedlikehald på hyttene. Fellesmøtet om hausten er eit svært godt samarbeidsforum for alle lokallaga og fylkeslaget, der vi kan utveksle erfaringar, diskutere saker i tida og ha det sosialt saman og knyte venskap og samarbeid.

Fylket har eir særst aktivt turmiljø, som viser tydeleg att i svært mange medieoppslag og ute mellom folk flest. Mange positive og aktive tillitsvalde og medlemmer gjer ein stor innsats for laga rundt om i heile fylket. Og mange tek kontakt og vil starte nye lag og særleg Barna sitt Turlag har stor vekst. Målet er å ha BT-lag i alle lokallaga og nå har Sogndal, Midtre Nordfjord og Luster fått aktive barnelag. Indre Sunnfjord har i år fått tre nye BT-lag.

03/10/2008 09:27 +47 57827601
 10. Mar. 2008 9:28 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 16

Barnas Turlag avd. Solund

Barnas Turlag i Solund har hatt sitt fyrste heile turår, og har mange fine turar å sjå attende på. Skipinga av BT Solund har vore positivt og vi har hatt godt oppmøte på dei aller fleste turane. Det som viser seg er at jo dårlegare vêret er, jo fleire er det som møter opp for å vere med på tur. Turboreven er med på kvar tur, det same er Barnas Turlag sin vimpel. Barna har fått Fjellpass og får klistremerke på kvar tur. På kvar tur har vi ein liten premie til barna som vi trekker når vi er komne fram til turmålet.

Vi har fått mykje gode tilbakemeldingar frå foreldre og ikkje minst frå barna, noko som gjer at det er kjekt å drive BT! Vi har i løpet av året fått 18 medlemmer – noko som utgjer om lag 15% av alle borna under 12 år i kommunen!



På tur i Barnas Turlag avd. Solund

Barnas Turlag avd. Gulen

Laget har ikkje avlyst turar til tross for dårleg vær! Skidag og "Kom deg ut" dag hadde 140-150 deltakarar med Morsdagskake og kostymerevenn. Badetur til Høyanger og dit køyrde vi buss. Kanodag og samarbeid med Røde Kors og nytt og spennande samarbeid med dei. Arrangerar alltid kombinasjonsturar med lang og kort tur. 60 medlemmer i BT-Gulen og det er 10-12% av alle borna i kommunen. Har òg ein del medlemmar i Hordaland. Nytt i Gulen er Fjellpass med stempel. Veldig populært blant borna.

Ytre Nordfjord Turlag

Ytre Nordfjord Turlag har gjennomført 14 turar i år. Fire av turane har gått til Skongenes Fyr, som til saman har hatt 170 (100) overnattingar og 690 (400) dagsbesøk. Det er ein fantastisk auke i besøk og overnatting frå 2006 (i parentes) og drifta går med godt overskot. Omtale i Fjell og Vidde gjorde at mange les om fyret og også utanlandske turistar har vore gjester. Ein god del vedlikehaldsarbeid står att, men ein trugen dugnadsgjeng har stått på og m.a klypt gras. Vintertrimmen er like populær i YNT og hadde til saman 4636 registreringar i dei 12 bøkene, og 4 premiar er levert ut.

Midtre Nordfjord Turlag

Laget har 362 medlemmer og nytt av året er Barnas Turlag i Gloppen. Har hatt 3 turar med til saman 178 deltakarar. Laget har arrangert ambassadørkurs i juni med 14 deltakarar. Onsdagsturar blei arrangert i Eid og Gloppen kommune. Få deltakarar dette året og berre 104 på tur, og truleg på grunn av mykje dårleg vær. Deltakarar på helgedagsturane var 158. Vi går i fjella i og rundt kommunane, med Breturar til Lodalskåpa og Sisilliekruna som dei mest populære turane. Dei hadde kvar 31 deltakarar. Turen til Gjegnen er fast kvart år, og i år var det fellestur saman med Sogndal turlag. Har også hatt tur til Aurlandsdalen og gjekk opp dalen frå Vassbygdi til Østerbø. Tok buss til Geiteryggshytta for overnatting. Gjekk så til Kongshellaren og tilbake til Steinbergsdalshytta.



03/10/2008 09:27 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:28 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 17

Indre Nordfjord Turlag

Hadde 18 turar på programmet (5 avlyst på grunn av vêret) + 3 BT-turar med 504 deltakarar inkludert BT sine turar. Mest populære turar var Lodalskåpa med 65 deltakarar og Galdhøpiggen med 42 deltakarar. Laget hadde 30 års jubileum og tur i Sogneskaret. 12 onsdagsturar blei gjennomførte med 161 deltakarar. Barnas Turlag hadde 5 turar med totalt 297 deltakarar og over 100 med på 2 av turane.

Keipen Turlag

Mange avlyste turar, men turane med gudsteneste på Vetvika og på Hornelen samla til saman nærmare 200 personar. Begge desse turane var i juni månad. Flott skitur til Keipen 1.mai med 9 deltakarar. Tur i nytt turområde til Bjørndalsvatnet vart og svært vellykka. Onsdagsturar har hatt litt dårlegare oppmøte, men på Fjelltrimturane er det 9869 som har skrive seg inn.

150 dugnadstimar er utført og vedlikehald av hytte, nyrydding og vedlikehald av stiar. Barnas Turlag er starta og det var stor optimisme, men det vart ikkje som venta. Laget satsar på ny giv i 2008 og har fått med nye personar.

Flora Turlag

Opptur for 8.klassingar var ein suksess og 145 elevar kom opp til toppen av Brandsøyåsen. I september var det 22.000 som hadde skrive seg inn i boka på Brandsøyåsen. På Hatlesetnipa er det også lagt ut bok. Fjord 1 sponsa tur til Bergen og Sparebanken Vest sponsa med overnatting som gåve, og 516 hadde skrive seg i boka ved trekninga. 17 onsdagsturar, 4 BT-turar og 9 heildagsturar samla til saman 601 deltakar, av dei 163 born. Hytta Blåbrebu er bygd om.

Heimesida er det er arbeidd med, slik at den vert oppdatert jamleg. Målet er at den skal kommunisere aktiviteten i laget. Flora Turlag har i år hatt ein del samarbeidsarrangement og deltok på fellesstand med Noregs Jeger og Fisk og 4H på regionsamling for Frivillighetsentralane på vestlandet og har hatt tur med Skogselskapet.

Indre Sunnfjord Turlag

Laget er største turlaget i SFT med 1129 medlemmar. Tal turar har vore 92 og tal deltakarar: 2395 (493 på onsdagsturar, 949 på BT). Laget har nystarta seniorgruppa, som har gjennomført 6 turar med totalt 66 deltakarar. 3 nye Barnas Turlag i Jølster, Gaular og Askvoll er starta og stor aktivitet i desse laga. Utfordringa er å auke aktiviteten i ungdomsgruppa.

Laget har hatt mykje kursverksemd i eigen regi som førstehjelpskurs og GPS- kurs og hatt deltakarar på kajakk, vinterkurs, brekurs, ambassadør- og nærmiljøkurs.

Sogndal Turlag

Laget er nest største i fylket med 477 medlemmer.

Nytt i år er 3 kategoriar tur: born, vaksen og ungdom og tal turar gjennomført er 27 med til saman 302 deltakar. Turane har vore velorganisert, men 3 avlyst grunna dårleg vêr. Ungdomen har drive med isklatring og det har vore 7-8 deltakarar på kvar tur. Utflytting er eit gjennomgåande problem for U- gruppa. Borna har hatt 7 turar og 123 deltakarar.

Lærdal Turlag:

Lærdal Turlag har 72 DNT-medlemmar, men har også ein del lokale og til saman rundt 110 medlemmar. Dei har hatt 14 turar i år, derav 5 skiturar og 9 fotturar. Sjølv om det har vore svært dårleg vêr i år, har det ikkje vore mange turar som har vorte avlyst og det har vore svært god oppslutnad om turane. Laget hadde konsert på Mjølkeflaten og starta våren med eit samarbeid med Lærdal Musikklag og Lærdal skulemusikk. Turlaget stod for bollane, safta og kaffien og alt måtte berast opp på Mjølkeflaten, ei flate bortafor elva, ca 100 moh, der ein har god utsikt over Lærdal. Turlaget hadde også laga til tursti opp til Mjølkeflaten.



03/10/2008 09:27 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:28 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 18

Medlemsturen var eit samarbeid mellom vaksenturlaget og BT-laget. Turen gjekk til Aurlandsdalen. Dei vaksne gjekk frå Kvevatni til Østerbø og Barnas Turlag gjekk frå Steinbergdalen til Østerbø. Alle gjekk i høleregnet og det var sleipt. Banas Turlag har hatt 5 turar i år. 2 turar med dei vaksne og skal ha tur i juletreskogen, som er ein svært populær utfart for alle. Då er det så mange att det er ikkje er råd og telja alle.

Luster Turlag:

Medlemstalet er 371 og ein auke på 53 frå 2006. Barnas Turlaget har kome skikkeleg i aktivitet og hadde 23 arrangement på programmet. Det aller meste vart gjennomført, og rundt 500 har delteke! "Vaksenlaget" lokka totalt med seg 276 personar på 4 skiturar og 9 sommarturar.

Elles har laget hatt i gang TOPPTRIMMEN 2005-07 med bortimot 300 deltakarar. På hyttene, Fivla og Fuglesteg har det vore god aktivitet. På Fuglesteg hadde dei ope hus alle dagar i åtte veker med dugnadsbasert servering av hellekaker. Bortimot 1700 nytta seg av dette tilbodet, og rundt 300 overnatta. Totalt har dei hatt driftsinntekter på Fuglesteg på ca. 97.000 kroner og driftskostnader på rundt 40.000 kroner. Såleis gir drifta eit godt tilskot til lagskassa! Elles har dei i sommar gjort ferdig fjøsbygningen og reknar med å setja i stand nabohuset til steinstova på føresommaren 2008. Då har dei investert vel 4 mill. kr. på Fuglesteg utan å vera skuldig ei krone!

Laget hadde ambassadør- og nærmiljøkurs i oktober og til saman 16 tok del.

Vik Turlag

Medlemstalet i laget er 94 og stabilt. Hytter: Målsethytta frå 1936, 880 moh. ligg på Vikafjellet og nå byggjer laget sikringsbu. 16 sengeplassar, men kan enkelt verta fleire. Jashaugbu vert ny hytte, 1030 moh. i Fresvikjordalen. I dag plass til ca. 10 personar. 198 deltakarar har vore med på 13 arrangerte turar og nytt var trugetur. "Råttatur" i Bødalen var tur for dei som elles ikkje går på tur. Deltakarar fekk utdelte eige Diplom. Grotteturen i Dommedalen var og ein fin tur. Turen Fresvik (Skard) til Dyrdal/Drægo i Nærøyfjorden var vellukka med 63 deltakarar.

Årdal Turlag:

Ungdomsgruppa har arrangert brekurs/tur. Årdal Gålag har vore ein suksess. Den er ei nyetablert undergruppe i Årdal Turlag og er eit tilbod til alle som hadde høve til å gå tur på dagtid på onsdagar. Dei utarbeidde ein turforldar med turprogram for mai, juni og august og september. Målet med Gålaget er å få fleire ut å gå, koma i betre form og få turfølge. Tilbakemeldingane og responsen har vist at dette tilbodet har si målgruppe. Dei har til og med fått med seg ein flokk spreke 80 åringar. Det har vore gjennomført 19 turar med eit samla tal på 545 personar som gjev eit snitt på rundt 29. Eit anna mål var at turane skulle innehalda litt kultur og historie. Derfor har dei hatt med kjentmann på ein del av turane.

Barnas Turlag har hatt 5 eigne turar/arrangement. God oppslutnad, med 25-30 personar på kvar tur. Turane er lagt til heile kommunen, for å vise foreldra kor det er fint å gå turar med born. Turane bli lagt opp lystbetong, med innslag av leik, moro og konkurransar.

Sommartrimmen: 9 postar i Øvre Årdal, 8 postar på Årdalstangen Dette er sentrumsnære og lett tilgjengeleg postar. Gangtid frå 0,5 - 1,5 timar Totalt tal deltakarar i 2007 41 254.

På stølen i Gravdalen har laget fått avtale om langtidsleige på eit sel. (ny avtale) og er i forhandlingar om vidareføring/fornyng av ein leigeavtale. Også i forhandlingar om leigeavtale med eit tredje sel, der eigarane er positive til avtale. Om alle desse vert realiserst har dei totalt 3 sel med ca. 12 sengeplassar. Skal sette opp felles utedo. Dette vil då bli ein flott "base" til for eksempel ungdomssamlingar og andre aktivitetar, f. eks. Barnas Turlag.

03/10/2008 09:27 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:28 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 19

REPRESENTASJON

Dato	Samling / møte m.m.	Deltakarar
14.01	Møte med grunneigarar i Dvergsdalsdalen om Dvergsdalen kraftverk.	Alvar
16.01	NVE folkemøte i Dale om Melding om 132-kV-lina Hålandsfossen – Lutelandet.	Alvar
17.01	NVE folkemøte i Vadheim om Melding om 132-kV-lina Sande – Høyanger.	Alvar
26.01	Reiselivskonferanse i Førde	Alvar
27.01	Årsmøte, SFT på Skei	Styret, utval, Astrid
05.02	Møte i DNT sin naturvernkomite.	Alvar
06-07.02	FNF-seminar om store kraftliner i Øystese i Hardanger.	Alvar, Jørgen
09.02	Møte med Sparebanken S. og Fj., turpartner og presentasjon SFT	Marino og Astrid
13.02	NVE folkemøte i Hafslo om 5 småkraftutbyggingar og ei 66 kV-line i/til Veitastrond.	Alvar
14.02	Vassdragsregionkonferanse i Bergen, Fylkesm. i Hordaland.	Alvar
19.02	Informasjon om BT på årsmøte til Kyrkjebø	Linda
27.02	Møte med Sparebanken- avtale turpartner	Marino og Astrid
08.03	Årsmøte FNF Sogn og Fjordane i Førde.	Marino og Alvar
21.03	Dagleg leiarsamling, Oslo	Astrid
25.03	Informasjon/rep. for SFT og BT under opning/fyrste tur Kyrkjebø	Linda
14.04	Synfaring Storelva kraftverk, Flora saman med Naturvernforb	Alvar
17.04	Styremøte i FNF	Marino
17.04	NVE folkemøte i Viksdalen om 420-kV-lina Ørskog - Fardal.	Alvar og Hilde
18.04	NVE folkemøte i Førde om 420-kV-lina Ørskog - Fardal	Alvar og Astrid
23.04	NVE folkemøte i Hyen om 420 kV-lina Ørskog - Fardal.	Alvar
25-26.04	NVE-seminar om småkraft og konsesjonshandsaming på Gardermoen	Alvar
27.-28.04	Naturvernsamling/styremøte Skongenes Fyr	Marino, styret, utval og Astrid
07.05	Fylkeskommunen. Høyringskonferanse om forvaltningsreforma.	Alvar
09.05	Møte i Dragsvik- mogleg oppstart nytt lag i Balestrand/Høyanger	Marino og Astrid
25.-28.05	Josten på langs	Irene, Jorunn og Kjell
03.06	Repr. SFT og Bt ved oppstart BT i Gaular	Linda
06-07.06	FNF vindkraftseminar i Haugesund og på Utsira.	Alvar
8.-10.06	Kajakksamling i Bulandet – kurs assistent	Marino
15.-17.06	Landsmøte, Kongsvinger	Atle, Marino, Britt, Turid og Astrid
21.06	Lunde-Fjærland- tradisjonstur	Kjell O. og Sissel
25.-26.06	Tur i Nærøyfjorden med Kristin K. Devold og Merete Håberstad "Det grønne gullet"	Marino
02.07	NVE folkemøte i Holmedal om Melding 132-kV-lina Grov – Lutelandet.	Alvar. Frå IST: Atle Holsen.
03.07	Møte med SFE Nett og Sunnfjord Energi om kraftlina Grov - Lutelandet.	Alvar. Frå IST: Agnar Åsnes
03.07	NVE folkemøte i Vetle-Høydal om Melding 132-kV-lina Grov-Liteland	Alvar

03/10/2008 09:27 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:29 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 20

06.07	Møte med Askvoll kommune om kraftlina Grov - Lutelandet.	Alvar
11.07	Turlagssynfaring Døskeland minikraftverk.	Alvar + kjentmann
13.08	Styremøte FNF	Britt
18.-19.08	Fellestur Sognefjellet- Skogadalsbøen	Petter, Jørgen og Astrid
20.08	Seminar om kraftliner	Marino og Alvar
24.-26.08	Kajakkelag i Solund	Marino
26.08	Repr. SFT og BT ved oppstart i Gloppen	Linda
27.08	Konferanse om "monstermaster" i Oslo.	Alvar, Marino, Sigurd
31.09	Synfaring i Solund - nye hytteprosjekt	Marino og Astrid
01.09	Tur til Aiden med Sparebanken Sogn og Fjordane	Marino og Astrid
7.-9.09	Fjellfilmfestival på Turtagrø	Sissel, Astrid og Marino
11.09	NVE folkemøte om Konesjonssøknad 132-kV-lina Hålandsfossen - Lutelandet + Melding om Vindkraftverk på Lutelandet	Alvar
12.09	Dagleg leiarsamling i Oslo	Astrid
Sept.	Møte i FNF	Britt
21-23.09	DNT sin naturvernkomite på møte og synfaring i og nord for Bodø	Alvar
04.10	SV folkemøte i Flekke skule om 132-kV-lina Hålandsfossen - Lutelandet	Alvar
18.10	BT-leiar samling i Førde	Linda og Astrid
26.-27. 10	Fellesmøte FNF, Skei + skrivekurs høyringsfråsegner	Marino, Alvar, Hilde G.
01.11	Eigen synfaring Holsen kraftverk i Førde	Alvar
03.-4.11	Styrelaiarsamling i Oslo	Marino
08.11	Møte i Hyllestad ang. oppstart BT i 2008	Linda
10.-11.11	Fellessamling SFT i Finden	Styret, Astrid, utvalsleiarar
13.11	Årsmøte i Sogndal Turlag	Marino
14.11	NVE-synfaring Ygleelvi, Sagelvi og Eitreneselvi kraftverk i Balestrand	Alvar
16.11	NITO Energikonferanse om 420-kV-lina Ørskog - Fardal i Førde	Alvar
20.11	Konferanse, Vardar for folkehelse på Skei	Astrid
21.11	Konferanse, Vardar for folkehelse på Skei	Britt
22.11	Med NVE region Vest på synfaring av veg til inntaket for Rongkleiv kraftverk i Hyen	Alvar
22.11	Fellesmøte med Voss Utferdaslag og Bergen Turlag	Marino
25.11	Årsmøte IST på Førde Hotell	Marino og Astrid
27.11	Vestlandsforskning. Seminar vindkraft og reiseliv i Florø	Alvar
08.12	Møte med BT-rep. For Flora Turlag i Florø	Linda
13.12	Oppstartmøte i Turmagasin i Sogndal	Sissel, Marino og Astrid

Alvar Melvær er som leiar i Naturvernutvalet, SFT, medlem i DNT sin Naturvernkomite. FNF v/ Astrid Eliassen er med i styringsgruppa Kystledprosjektet og Nordsjøløypa.

SAMARBEID MED ANDRE

SFT har eit godt samarbeid med Sogn og Fjordane Idrettskrins og Breoppleving DA om brekurs og klåtrekurs.

SFT er medlem av Studieforbundet Natur og Miljø gjennom DNT.

Håkon Årebrot er leiar for Studieforbundet N & M i Sogn og Fjordane. Han er nestleiar i Vaksenopplæringsforbundet i Sogn og Fjordane, som Studieforbundet N&M er tilslutta.

SFT er tilslutta Forum for Natur og Friluftsliv (FNF). FNF bidreg med økonomisk tilskot til Naturvernutvalet sitt arbeid og andre utgifter i samband med synfaringar og anna representasjon.



03/10/2008 09:27 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:29 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 21

OVERSYN OVER TAL MEDLEMMER, TURAR OG TURDELTAARAR

Medlemstal og turar

Lag	Medlem. 2007	Medlem. 2006	Turar 2007	Turar 2006	Turdeltak. 2007	Turdeltak. 2006
Ytre Nordfjord Turlag	138	145	15	17	126	200(30)
Midtre Nordfjord Turlag	362	366	29	24	530 (162)	261
Indre Nordfjord Turlag	280	284	35	31	665	561(60)
Indre Sunnfjord Turlag	1129	1083	92	82	2395(949)	1806(311)
Flora Turlag	333	313	30	34	601(163)	578(230)
Keipen Turlag	75	76	39	37	325(64)	245
Sogndal Turlag	477	501	24	18	302(80)	309
Luster Turlag	371	318	34	21	776(500)	557(274)
Lærdal Turlag	72	76	19	35	327(79)	390(200)
Vik Turlag	94	90	13	10	198	170
Årdal Turlag	209 (497)	227	36	18	837(230)	236(73)
Barnas Turlag Gulen	79	42	10	12	725(332)	724(359)
Barnas Turlag Solund	30	12	9	2	220(114)	70(35)
Barnas Turlag Kyrkjebø	37		5	Ikkje starta	215(105)	Ikkje starta
Sogn og Fjordane Turlag (ikkje lokalag)	356	415	6	8	269	380(20)
Totalt	4042	3948	396(115)	349	8511(2778)	6487(1592)

Alle turar er inkludert, også midtveke turar. Tala turdeltakar i parentes er born, men inkludert i samla tal deltakar for 2006-/07. Medlemstal pr. 31.12.07 og dei er i samsvar med DNT sitt medlemsarkiv.


TURAKTIVITET (FELLES) I SOGN OG FJORDANE TURLAG

Dato	Tur	Deltakarar 2007	Deltakarar 2006	Turleiar
20.05	Fellestur BT til Krakhellénipa	28		Per Inge Storøy, Anne Lerpold
23.04	Strendene ved Fodnes		38 (20)	Magnhild Aspevik
25.-28.05	Josten på langs	23	36	Jorunn Vågen, Irene Befring, Willoch Aanonsen og Terje Jan Nes
21.07	Lunde-Fjærland	120	125	Kjell O. Hjellbrekke, Jostein Øygard, Anders Bøyum
06.08	Skåla		25	Alf Lefdalsnes, Gisle Skjølberg
18.-19.08	Sognefjellet-Hjelle	34		Petter Løvdahl, Jørgen Bruheim
12.-13.08	Styggevatnet-Sota Seter		50	Jon Farestveit og Jørgen Bruheim
21.08	Fossedalen	Ikkje medarr.	65	Arr: SFT, IST, Fossedalens vener
Okt./nov	Peru, Temareiser	54		Hege og Ivar Undnæs
Aug./okt	Kilimanjaro		41	Vidar Olsen (Temareiser)
7.-9.09	Fjellfilmfestival	10		
Totalt		269	380 (20)	



03/10/2008 09:27 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:29 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 22



Kajakksamling i Bulandet 8.-10. juni og ungdomane Øystein, Ingrid og Tor var deltakar.



Gunnar Bjørlykke og Irene Befring hadde Nærmiljøkurs i Stardalen i september og her er rast i bjørkeskogen.

KURSVERKSEMD / TEMASAMLING M.M.

Dato	Kurs	Deltakarar 2007	Deltakarar 2006
2.-4.02	Snøskredkurs	6	9
14.-15.02	Telemarkkurs	20	7
21.-25.03	Turleiar kurs Vinter	7	
1.-3.06	Oppdateringskurs, bre	5	
8.-10.06	Kajakksamling	10	10
	Ambassadør (3 stk.)	30	
28.-30.09	Ambass. /nærmiljøkurs, Stardalen	11	5
26.-28.10	Ambass. /nærmiljøkurs, Luster	16	11
	Ambass. /nærmiljøkurs, Florø		10/4
Oktober 06	Ambassadør, Gulen		12
Vår /sommar /haust	Bre/ klatre og instruktør kurs, Breoppleving DA	102	112
Totalt		207	180

TURLEIARUTDANNING PR. 31.12.07

Lag	Ambass	Nærmiljø	Sommar 1	Sommar	Vinter	Skred
Midtre Nordfjord Turlag	14	3	1	1		
Ytre Nordfjord Turlag			1	6	1	
Indre Nordfjord Turlag	4	4		4	4	1
Indre Sunnfjord Turlag	23	16	1	25	20	15
Flora Turlag	9	4	1	7	3	
Lærdal Turlag			1			1
Sogndal Turlag				3	1	9
Årdal Turlag	5	5				
Vik Turlag						2
Luster Turlag	10	6		1		
Bt avd. Gulen	11					
Totalt	76	38	5	47	29	28

03/10/2008 09:28 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:29 Fjordrevisjon AS

Nr. 1793 S. 23

HYTTESTATISTIKK

Hytte	Lag	Type	Senger	Overnatting 2007	Overnatting 2006	Dagsbesøk 2007	Dagsbesøk 2006
Grytadalsbu	FT	U	5 + hems	19	11	5	39
Børabu	FT	U	6	42	26	-	10
Blåbrebu	FT	U	14 + hems	26	110	-	3
Gjegnabu	FT	U	6	79	122	-	20
Longevasshytta	IST	S	7 + hems	145	201	142	77
Massbu	IST	U	6	45	30	48	36
Nipebu	IST	S	9 + hems	420	485	125	100
Fivla	Lut	U	24	150	125	300	300
Fuglesteg	LuT	U	23 + madrass	300	360	3500	2700
Grøssete	ST	U	4	24	17	65	30
Avdal	ÅT	U	4	20(680)	-	-	-
Gravdal	ÅT	U	4	21	50	22	Ikkje tal
Skongenes	YNT	U	15	170	100	690	400
Målsethytta	VT	U	12	51	45	210	250
Totalt			139	1512(680)	1682	5107	3965

ØKONOMI

Vi viser til rekneskap og budsjett

ÅRSMELDING

Årsmelding er skrive av Astrid Kalstveit og godkjent av styret i møtet 10. 01. 2008 og utveksling via epost. Den tilsette er svært takksam, på vegne av styret og kontordrifta, for all velvilje frå lokallaga i innsending av opplysningar til årsmelding og felles turprogram. Det er ikkje få e-postar og telefonar som må til for å få rette tal, tekst og dato. *Tusen takk!*

TURPARTNAR

Sparebanken Sogn og Fjordane er vår nye turpartnar og vi har inngått ein samarbeidsavtale som gjeld i tre år. Banken yter økonomisk støtte til aktivitetane våre og vi gir opplevingar på tur attende til dei tilsette. Avtalen skal evaluerast kvart år etter SFT sitt årsmøte.

Leiar Marino J. Ask
Kjell O. Hjellbrekke Sissel Strømmen Linda Hantveit Gunnar Skjølberg.
Vara: Britt Småvik, Olga Aarsnes og Hjørdis Åsnes

Tilsett: Astrid Kalstveit


03/10/2008 09:28 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:29 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 24

**KURS- OG FJELLSPORTUTVALET HØGT OPPE I FYRET
PÅ SKONGENES: IRENE, JORUNN OG MARINO!**



MARINO LEIAR, SOM TRIVST BEST I "ØPPNA" LANDSKAP!





03/10/2008 09:28 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:29 Fjordtevisjon AS

Nr. 1783 S. 25

Signert:
Dagleg leder Sogn og Fjordane Turklubb
Asbjørn Kalsbakk

Laurdag 26. 1. 08

Sogn og Fjordane Turklubb
Langebruvægen 9
Pb. 10, 6801 Førde
Tlf. 57 72 06 14



03/10/2008 09:28 +47 57827601
10. Mar. 2008 9:29 Fjordrevisjon AS

Nr. 1783 S. 26



INTER REVISJON FJORDANE AS
Postboks 679
8804 FØRDE

Medlemmer av
Den norske Plussforbund
Internasjonalt Entreprenør

TELEFON: 47-57827600
TELEFAKS: 47-57827801
E-POST: fjordane@interrevisjon.no
HJEMMESIDE: www.interrevisjon.no
ORG. NR.: NO 859 102 060

Til Sogn og Fjordane Turlag

REVISJONSMELDING FOR 2007


Vi har revidert årsrekneskapen for Sogn og Fjordane Turlag for regnskapsåret 2007, som viser eit overskot på kr 14.893. Årsregnskapen består av resultatrekneskap, balanse og noteopplysningar. Årsrekneskapen og årsberetninga er lagt fram av styret i organisasjonen. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Norge. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at den gjev oss den tryggleik vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsipp som er nytta og av vesentlege rekneskapsestimater, samt vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon og ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontrollsystema i stiftinga. Vi meiner at vår revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit uttrykk for stiftinga si økonomiske stilling 31. desember 2007 og for resultatet i regnskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Norge.
- Leiinga har oppfylt si plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Førde, 24. januar 2008
Inter Revisjon Fjordane AS


Kurt Inge Hyllestad
Statsautorisert revisor